



Foto: Thor Brødreskift

Handlingsprogram 2025–2028

SAMAN
OM



Miljøløftet

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland



Føreord

Miljøløftet er namnet på partnerskapen som saman har forplikta seg til å nå nullvekstmålet: I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at auken i persontransporten takast med kollektivtransport, sykling og gange.

Miljøløftet består av ni partar: Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden kommunar, Vestland fylkeskommune og dei statlege verksemdene Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland.

Byvekstavtalen gjeld for perioden 2019–2029 og inneheld samla sett investeringar og støtte til drift for cirka 16 milliardar kroner. Miljøløftet har eit fireårig handlingsprogram som blir rullert årleg. Handlingsprogram 2025–2028 er det åttande handlingsprogrammet i Miljøløftet-regi, og det femte etter at avtaleområdet vart utvida i 2019/ 2020.

Handlingsprogram 2025–2028 er ei oversikt over investeringane som Miljøløftet planlegg dei neste fire åra, og inneheld prosjekt på om lag fem milliardar kroner. Realiseringa av handlingsprogrammet er avhengig av løyvingar både i fylkesbudsjett og statsbudsjett. For 2025 blir desse budsjetta vedtekne i desember 2024.

Alle partane i Miljøløftet har delteke aktivt i arbeidet med handlingsprogrammet, i alt frå arbeidsgrupper, samordningsfunksjon, prioriteringsråd og styringsgruppe, til avdelingane i partane sin eigen organisasjon. Handlingsprogrammet består av 71 prosjekt, noko som er eit tydeleg teikn på at det blir jobba godt for å få fram gode prosjekt.

Alle prosjekt har eit eige prosjektark, som er samla i prosjektporteføljen for 2024. For meir detaljert og utfyllande informasjon om prosjekta som er del av handlingsprogrammet, viser vi til porteføljen, som ligg på miljøløftet.no.

Nærare om Bybanen

Miljøløftets handlingsprogram skal innehalde prosjekt og oppfølging av gjeldande byvekstavtale. Med denne avgrensinga, vil ikkje bybanens byggetrinn 5, med tilhøyrande sykkelstamvegprosjekt DS8 a og b, bli del av kommande handlingsprogramperiode. Byggetrinn 5 har regulert for både bybane og sykkelstamveg, og vedgår derfor både post 63 og post 30. Dette er prosjekt med høg måloppnåing, som er modne for oppstart allereie i 2025, dersom dei får finansiering. Ei slik finansiering avheng av tilleggsavtale og midlar gjennom NTP.

Styringsgruppa for Miljøløftet understreke at det likevel er finansieringsbehov i perioden. For å ta i vare formelle krav og for å synleggjere behov, er det spelt inn prosjektark for bybanen byggetrinn 5 som også inkluderer sykkelstamvegen.

Vidareføring av utbygging av Bybanen i Bergen og naudsynt utbetring på riksvegnettet mellom Bergen sentrum og Åsane er avgjerande for å sikre Bergen eit høgverdig, føreseieleg og kapasitetssterkt kollektivsystem, for å sikre at nullvekstmålet blir nådd og at det overordna transportsystemet i byen ikkje kollapsar. Dette er særleg aktuelt i samband med ferdigstilling av nytt Sotrasamband og planlagt Nordhordlandstunnel. Bybanen til Åsane er klar for tidleg realisering ved at det har godkjente reguleringsplanar, ekstern kvalitets-sikring (KS2) er gjennomført og Vestland fylkeskommune har ein organisasjon som står klar til å starte detaljprosjektering, faseplanlegging og utbygging. Lokale partar avtaler omfang av arbeid i oppstarten av prosjektet i samsvar med Prop. 11S (2017 – 2018).

Innhold

Miljøløftet	4	Om Miljøløftet
--------------------	---	----------------

Organisering	5	Styringsgruppa
	5	Prioriteringsrådet
	5	Samordningsfunksjonen
	5	Geografiske arbeidsgrupper
	5	Organisasjonskart

Styring	6	Porteføljestyling
	6	Styringsprosess
	6	Årleg avgjerdsprosess

Økonomi	7	Finansiering byvekstavtalen
	7	Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	7	Merknader
	9	Inntekter byvekstavtalen
	9	Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	10	Utgifter byvekstavtalen
	10	Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	11	Prosjekt i byvekstavtalen
14	Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)	

Om Miljøløftet

Gjennom byvekstavtalene samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil. Miljøløftet er namnet på samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet.

Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkeskommune og

kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune.

Miljøløftet skal bidra til ei framtidretta utvikling av Bergensområdet. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilskapleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.

Byvekstavtalen



Bypakke Bergen



Organisering

Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøløftet, basert på prinsipp om porteføljestyling og mål- og resultatstyring. Medlemmane er ordførarar eller byråd frå dei fem kommunane, fylkesordførar og representantar frå dei statlege partane. Dei avgjer kva for prosjekt som skal prioriterast og korleis pengane i Miljøløftet skal brukast.

Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet består av representantar frå administrasjonen hos partane og fungerer som eit forberedende og rådgjevande organ for styringsgruppa. Som regel vert saker handsama i prioriteringsrådet, som foreslår vedtak, før det vert handsama av styringsgruppa.

Samordningsfunksjonen

Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforslag for å legge til rette for god porteføljestyling. Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske

problemstillingar. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark og vurdere prosjekta opp mot kvarandre. Samordningsfunksjonen arbeider på vegne av alle partane i Miljøløftet.


Geografiske arbeidsgrupper

Miljøløftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergenhuss, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og vurderer prosjekta innafør sitt område .

Sekretariatet

Sekretariatet er eit saksforberedende organ som koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekstavtalen på vegne av alle partane i Miljøløftet, og legg til rette for god porteføljestyling og rapportering av økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har også eit særskilt ansvar for kommunikasjon.

Organisasjonskart



Styring

Porteføljestyring

Alle partane kan spele inn forslag til tiltak eller prosjekt som skal bidra til å nå nullvekstmålet. Forslaga blir samla i ein prosjektportefølje, som er utgangspunktet for porteføljestyring. Porteføljestyring vil seie at prosjekta blir prioritert basert på ei heilskapleg vurdering av

måloppfylling, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. I tillegg skal arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestyringa.

Porteføljestyring i Miljøløftet



Årleg avgjerdsprosess

- Basert på innspelte prosjekt, arbeider samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet saman med sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandlar forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i mars. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir behandla i Fylkestinget i desember.
- Kvart år rapporterer Miljøløftet på kostnad og måloppnåing gjennom årsmeldinga.

Økonomi

Finansiering byvekstavtalen

Byvekstavtalen går over 11 år, frå 2019 til 2029, og avtalen inneheld statlege og fylkeskommunale finansieringsbidrag. Prosjekta i handlingsprogram 2025–2028 er utgangspunktet for partane sine innspel til fylkesbudsjett 2025 og statsbudsjett 2025. Finansieringa til prosjekta i handlingsprogrammet er avhengig av budsjettvedtak frå desse partane.

Midlane i byvekstavtalen kjem frå følgjande finansieringskjelder:

Statlege midlar

- Post 30: Programområdetiltak på riksveg
 - kan også nyttast til kommunale og fylkeskommunale gonge-, sykkel- og kollektivtiltak, avgrensa til investeringar. Dersom midlane nyttast til tiltak på kommunal og fylkesveg, blir budsjettmidlane teknisk overført frå post 30 til post 66.
 - løyvingane i statsbudsjettet kan variere frå år til år, men er i handlingsprogrammet berekna å beløpe seg til eit årleg gjennomsnitt av totalsummen i byvekstavtalen.
- Post 63: Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt
 - Bybanen byggetrinn 5 til Åsane skal finansierast av denne ordninga, men er avhengig av om prosjektet blir del av Nasjonal Transportplan (NTP). Prosjektet blir innarbeidd i Miljøløftet sitt handlingsprogram når finansieringsavtalen er på plass.
- Post 66: Tilskot til byvekstavtalar
 - belønningsmidlar til kommunane
 - belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss)
 - tilskot til betre kollektivtilbod

Post 66 blir utbetalt som tilskot frå staten til fylket med faste årlege summar.

Fylkeskommunalt bidrag

Vestland fylkeskommune bidreg årleg med investeringsmidlar til Miljøløftet. Løyvingane i fylkesbudsjettet kan variere frå år til år, men størrelsen ligg nært opp til byvekstavtalen sitt årlege gjennomsnitt.

Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Bypakke Bergen går over tjue år, frå 2018-2037. Per no ligg inntektene i bypakka lågare enn det stortingsproposisjonen opnar for. Dei estimerte brutto bompenginntektene for handlingsprogramperioden er basert på ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 256.000, og ein gjennomsnittstakst på 12 kroner, som er på nivå med prognosane for 2024.

Merknader

- Tal i handlingsprogrammet er oppgitt i forventta 2025-kroner.
- For prosjektkostnadar som er basert på forventta indekser frå tidlegare år, er desse ikkje justert til faktisk indeks. Det kan vere noko avvik mellom forventta indeks og faktisk indeks.
- Prosjekta som blir finansiert av fylkeskommunale midlar, samt riksvegtiltak er inkludert meirverdiavgift.
- Prosjekt på kommunal og fylkesveg som blir finansiert av statlege midlar er ikkje inkludert meirverdiavgift i perioden 2025-2028
- Pengar som står på fond er ikkje del av berekningane av handlingsrom i handlingsprogramperioden. Desse blir handsama i forbindelse med tertialrapporteringa.
- For omlandskommunane skal prosjekt over det fylkeskommunale bidraget fullfinansierast innanfor det fylkeskommunale bidraget i avtalen. For prosjekt i Bergen blir størrelsen på tilgjengeleg bidrag berekna ut frå ein årleg snittsum.
- Post 66, Tilskot til betre kollektiv, er avsett til Bybanen. Etersom behandlinga av NTP ikkje er avgjort, er det ikkje spelt inn prosjektforslag over denne potten. Dersom prosjektet ikkje er omtala i NTP vil partane i Miljøløftet einast om annan bruk innanfor området kollektivinfrastruktur.
- Innspela over post 66 – Belønningsmidlar til drift kollektiv er avhengig av å få tilbakebetalt dei tidlegare tilbakehaldne midlane frå staten. Forventta årleg tilbakebetaling er innberekna i oversikta over inntekter.



Arealutvikling i byvekstavtalen

Byvekstavtalen skal bidra til å skapa attraktive by- og tettstadssenter og ein meir effektiv arealbruk i avtaleområdet. Statsforvaltaren har hovudansvaret for å følgje opp arealdelen av avtalen på vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet. Det er viktig for avtaleområdet å lukkast med arealutviklinga for å støtte opp under prosjekta i Miljøløftet.


Kommunane skal planleggje i tråd med statlege planretningslinjer og regionale planar samt måla for byvekstavtalen. Byvekstavtalen har ein forventning om at avtalepartane har kommuneplanar som byggar opp under måla i avtalen. Status i 2024 er at kommunane er i ulike fasar i planarbeidet frå oppstart av revisjon til nyleg godkjente kommuneplanar.

Så langt har det vore avgrensa informasjon om arealutviklinga i avtaleområdet i handlingsprogramma og i årsrapportane. Når ein er halvvegs i avtaleperioden vil det vere nyttig å få fram korleis forpliktingane og føringane på arealplanlegging i byvekstavtalen er følgd opp hos avtalepartane, og kva effekt og meirverdi dette har for å nå nullvekstmålet.

Det vert rapportert på måleindikatorar for arealutvikling for å synleggjere arealdisponeringar annakvart år. Indikatoren vert ikkje brukt for å måle måloppnåing, men kan gi eit bilete av i kva grad verkemiddel innanfor arealbruk vert teke i bruk. Det er behov for meir kunnskap, og måleindikatorar som kan spegla att senterstrukturen i kommunane, slik at dei gir eit mest mogleg korrekt bilete av arealutviklinga.

Inntekter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer inntekter for byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2025–2028 og er i mill. 2025-kr.



Finansieringskjelder i tråd med byvekstavtalen 2019-2029 for perioden 2025–2028	2025	2026	2027	2028	Sum 2025–2028
Byvekstavtalen					
Fylkeskommunalt bidrag - årleg gjennomsnitt	366	366	366	366	1 464
Post 30: Programområdemidler - årleg gjennomsnitt	495	495	495	495	1 980
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt	-	-	-	-	-
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar					
- belønningsmidlar til kommunane	42	42	42	42	168
- tilbakehaldne midlar	6	6	6	6	24
- belønningsmidlar til drift kollektiv	347	347	347	347	1 388
- tilbakehaldne midlar	49	49	49	49	196
- belønningsmidlar til betre kollektivtilbod	132	132	132	132	528
- belønningsmidlar til reduserte billettprisar kollektiv	60	60	60	60	240
Sum finansiering i byvekstavtalen	1 497	1 497	1 497	1 497	5 988


Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer estimerte inntekter for Bypakke Bergen (Prop. 11 S) i handlingsprogramperioden 2025–2028 og er i mill. 2025 kr. Prognosen legg til grunn ein gjennomsnittsinntekt per passering på kr 12 og ein ÅDT på 256 000.

Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)	2025	2026	2027	2028	Sum 2025–2028
Brutto bompenginntekt	1 167	1 167	1 167	1 167	4 668
Sum inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)	1 167	1 167	1 167	1 167	4 668

Utgifter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer estimerte utgifter for byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2025-2028 og er i mill. 2025-kr.



Disponering av midlar i Handlingsprogrammet 2025–2028	2025	2026	2027	2028	Sum 2025–2028
Byvekstavtalen					
Fylkeskommunalt bidrag	300	359	346	255	1 260
Post 30: Programområdemidlar	396	398	611	445	1 850
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt	-	-	-	-	-
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar					
- belønningsmidlar til kommunane	60	54	45	22	181
- belønningsmidlar til drift kollektiv	396	396	396	396	1 584
- belønningsmidlar til betre kollektivtilbod	-	-	-	-	-
- belønningsmidlar til reduserte billettprisar kollektivt	60	60	60	60	240
Sum finansiering i byvekstavtalen	1 212	1 267	1 458	1 178	5 115

Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabell og kakediagram detaljerer estimerte utgifter for Bypakke Bergen (Prop. 11 S) i handlingsprogramperioden 2025-2028 og er i mill. 2025-kr.

Disponering av midlar i Bypakke Bergen (Prop 11 S) 2025-2028	2025	2026	2027	2028	Sum 2025–2028
Sum rekvirering av bompengar, samt drifts- og finanskostnadar	287	287	287	287	1 148
Sum Bypakke Bergen (Prop 11 S)	287	287	287	287	1 148

Prosjekt i byvekstavtalen

Tabellane detaljerer prosjekt med finansiering gjennom byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2025–2028. Prosjekta er sortert etter finansieringskjelde og satsingsområde.

- Tala er oppgitt i 1000 og indeksert til forventa 2025-kr
- Prosjekt der totalkostnad ikkje er oppgitt er årlege pottar

Fylkeskommunalt bidrag

	Prosjektnamn	Kommune	Totalkostnad	Tidlegare løyving	2025	2026	2027	2028	Restbehov etter 2028
Gange og sykkel	Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	Heile avtaleområdet			55 224	55 224	55 224	55 224	55 224
	Sykkeltelling i Bergensområdet	Heile avtaleområdet	4 326	2 080	2 080	-	-	-	-
	Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtferd	Bergen			1 040	1 040	1 040	1 040	1 040
	Nonneseter	Bergen	48 672		10 400	36 400	-	-	-
	Hagerups vei, Storetveitvegen-Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer	Bergen	67 492	21 244	31 200	12 452	-	-	-
	Apeltunvegen	Bergen	52 025	7 270	32 354	10 400	-	-	-
	Kjøkkelvikveien samanhengande gang og sykkeltilbod	Bergen	61 868		-	6 240	53 248	-	-
	Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal – Haukedalen skole	Bergen	231 462		-	-	-	5 200	217 360
	Klostergaten, gateoppusting	Bergen	84 365	5 200	10 400	41 600	23 920	-	-
	Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	Bergen	16 224		-	4 160	8 320	3 120	-
	Trafikksikkerhet	Bergen			26 520	26 520	26 520	26 520	26 520
	Fremkommelighetstiltak sykkel	Bergen			3 744	3 744	3 744	3 744	3 744
	Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerverv	Bergen			5 304	5 304	5 304	5 304	5 304
	Mva og prosjektering i prosjekt som blir finansiert med statleg tilskot			320 466					
	Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	Bjørnafjorden		17 888	2 080	8 840	1 768	-	-
	Nordre Hauglandsveg	Askøy			5 200	2 184	4 368	4 368	1 664
	Skogsskiftet sentrumsområde	Øygarden		6 656	6 240	15 288	16 328	1 040	-
	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	Alver		3 432	1 134	3 328	1 352	-	-
	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	Alver		1 040	1 248	468	-	-	-
	Fv5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering	Alver			-	-	3 120	7 384	5 720
Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	Alver			-	-	1 040	3 120	2 704	
Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	Bergen			4 160	13 520	4 472	10 816	11 856	
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	Bergen			-	10 400	32 448	17 472	36 400	
Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei–Hagerupsvei	Bergen			-	-	6 240	14 040	29 640	
Kollektivtransport	Gangveier til kollektivtraseer	Bergen			10 504	10 504	10 504	10 504	26 000
	Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	Bergen	297 440	95 056	41 600	41 600	37 440	35 984	34 320
	Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	Bergen			4 264	4 264	4 264	4 264	4 264
	Oppgradering holdeplasser	Bergen			10 400	10 400	10 400	10 400	10 400
	Oppgradering signalanlegg og ASP	Bergen			1 560	1 560	1 560	1 560	1 560
	Sentrums og knutepunktutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	Bergen			1 040	1 040	1 040	1 040	1 040
	Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	Bergen			20 800	20 800	20 800	20 800	20 800
Anna	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	Heile avtaleområdet			1 352	1 352	1 352	1 352	1 352
	Drift av sekretariatet i Miljøløftet	Heile avtaleområdet			10 608	10 608	10 608	10 608	10 608
	Sum fylkeskommunale prosjekt		1 184 340	159 866	300 456	359 240	346 424	254 904	507 520

Statlege post 30-midlar: Programområdetiltak

	Prosjektnamn	Kommune	Total-kostnad	Tidlegare løyving	2025	2026	2027	2028	Restbe-hov etter 2028	Anna finan-siering i Miljøløftet
Gange og sykkel	Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	Bergen	440 614	436 434	4 180	-	-	-	-	-
	Sykelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold	Bergen	412 940	171 336	129 894	89 870	21 841	-	-	-
	Sykelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken –Glass Knag	Bergen	249 447	151 635	49 951	39 919	7 942	-	-	-
	Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	Bergen	21 005	-	-	1 986	19 019	-	-	-
	Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsangerveien/Solheimsgaten–Fabrikkgaten	Bergen	111 629	-	-	9 225	67 808	34 596	-	-
Kollektiv	Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	Bergen	12 958	-	1 986	10 973	-	-	-	-
	Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	Bjørnafjorden	1 780	-	890	889	-	-	-	-
Delsum post 30 midlar til prosjekt på riksveg			1 250 372	759 405	186 900	152 862	116 609	34 596	-	-
Gange og sykkel	Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	Alver	24 629	-	-	-	-	5 225	12 540	6 864
	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkørslesanering	Alver	10 855	-	6 061	2 038	-	-	-	2 756
	Fv5474 Seim, fortau og avkørslesanering	Alver	46 529	-	-	-	-	8 256	22 050	16 224
	Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	Alver	1 724	-	1 724	-	-	-	-	-
	Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	Alver	31 014	-	31 014	-	-	-	-	-
	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	Alver	34 754	-	3 240	15 989	6 280	-	-	9 246
	Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	Alver	44 099	32 291	3 135	8 674	-	-	-	-
	Kleppevegen ved Myrane	Askøy	147 450	73 464	69 702	4 285	-	-	-	-
	Nordre Hauglandsveg	Askøy	65 123	-	-	8 256	16 511	16 511	6 061	17 784
	Skarholmvegen	Askøy	163 494	-	-	-	163 494	-	-	-
	Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	Bergen	209 516	-	-	34 485	21 632	51 832	56 744	44 824
	Sykeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien	Bergen	11 756	-	11 756	-	-	-	-	-
	Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	Bergen	365 285	-	-	-	10 450	83 600	174 515	96 720
	Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger - Kristianborg	Bergen	260 998	-	-	-	54 560	74 401	132 037	-
	Johan Berentsens vei - etablering av fortau	Bergen	41 800	-	-	16 720	16 720	8 360	-	-
	Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	Bergen	16 190	-	-	1 045	-	13 585	-	1 560
	Kv4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak	Bergen	59 879	-	-	15 675	44 204	-	-	-
	Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei -Hagerupsvei	Bergen	208 760	-	-	-	-	17 243	141 598	49 920
	Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	Bjørnafjorden	174 055	87 049	9 928	43 368	3 135	-	-	30 576
	Fv5150 Trolldalen–Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	Bjørnafjorden	8 564	-	7 524	-	-	-	-	1 040
	Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	Bjørnafjorden	57 475	-	57 475	-	-	-	-	-
	Sykkelparkering	Bjørnafjorden	3 135	-	3 135	-	-	-	-	-
	Akse Straume sjøfront til gangbru Brattholmen	Øygarden	115 990	-	-	31 350	41 800	31 350	10 450	1 040
	Bildøyvegen/Straumsundet bru	Øygarden	105 020	-	-	-	20 900	62 700	20 900	520
	Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	Øygarden	71 142	-	-	-	33 231	33 231	-	4 680
	Skogskiftet sentrumsområde	Øygarden	173 669	-	4 180	57 789	61 969	4 180	-	45 552
Kollektiv	Fv565 Hilland i Alver kommune, kryssløsning	Alver	5 451	-	-	5 451	-	-	-	-
Delsum post 30 midlar til prosjekt på kommunal- og fylkesveg			2 458 354	192 803	208 873	245 121	494 886	410 473	576 893	329 306
TOTALSUM PROSJEKT POST 30			3 708 726	952 207	395 773	397 983	611 495	445 069	576 893	329 306

Statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar avtalekommunar

	Prosjektnamn	Kommune	2025	2026	2027	2028	Restbe- hov etter 2028
Gange og sykkel	Samlepott belønningmidler Alver 2024	Alver	4 264	-	-	-	-
	Prosjektstilling og prosjektbistand i Alver	Alver	3 120	1 560	-	-	-
	Oppfølging av sykkelstrategi	Askøy	208	208	208	208	-
	Planleggingsmidler Askøy kommune	Askøy	2 704	2 704	2 704	2 704	-
	Tiltak i handlingsplan for gange	Bergen	10 400	15 600	15 600	6 240	3 120
	Bysykkelordningen i Bergen	Bergen	5 200	2 080	-	-	-
	Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	Bergen	26 000	26 000	22 880	10 400	4 160
	Sysselbyavtale - Sysselbyen Bergen	Bergen	520	520	520	520	520
	Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling	Bergen	2 205	1 764	-	-	-
	Sykelstrategi for Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	1 040	1 040	1 040	-	-
	Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	1 040	1 040	1 040	2 080	-
	Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret	Øygarden	1 040	-	-	-	-
	Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	Øygarden	260	260	-	-	-
	Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune	Øygarden	1 040	1 040	1 040	-	-
	Arefjordsvegen	Øygarden	520	-	-	-	-
	Bildøyvegen/Straumsundet bru	Øygarden	520	-	-	-	-
Sum statlege post 66 midlar: Belønningsmidlar avtalekommunar			60 081	53 816	45 032	22 152	7 800

Statlege post 66-midlar: Andre tilskot

	Finansieringskjelde	Kommune	2025	2026	2027	2028
Kollektiv- transport	Belønningsmidlar til drift av kollektivtransporten	Heile avtale- området	396	396	396	396
	Tilskot til betre kollektivtilbod	Heile avtale- området				
	Tilskot til reduserte billettprisar	Heile avtale- området	60	60	60	60
Sum statlege post 66-midlar: Andre tilskot			456	456	456	456

Totalsum byvekstvtalen

	2025	2026	2027	2028	Sum 2025-2028
Sum alle prosjekt i byvekstvtalen i handlingsprogram 2025-2028	1212	1267	1458	1178	5115

Handlingsprogram byvekst fordelt på satsingsområdene

Forventa bruk fordelt på satsingsområda i byvekstvtalen	2025	2026	2027	2028	Sum 2025-2028
Sum gange og sykkel	651 306	691 598	904 983	625 613	2 873 500
Sum kollektiv	549 044	563 481	542 008	540 552	2 195 084
Sum anna	11 960	11 960	11 960	11 960	47 840
Totalsum	1 212 310	1 267 039	1 458 951	1 178 125	5 116 424

Handlingsprogram byvekst fordelt på kommunane

Kommune	2025	2026	2027	2028	Sum 2025-2028
Sum Alver kommune	54 939	37 506	11 792	23 985	128 222
Sum Askøy kommune	77 814	17 636	187 285	23 791	306 526
Sum Bergen kommune	457 381	527 809	554 439	472 584	2 012 214
Sum Bjørnafjorden kommune	83 112	55 177	6 983	2 080	147 352
Sum Øygarden kommune	13 800	105 727	175 268	132 501	427 295
Sum heile avtaleområdet	525 264	523 184	523 184	523 184	2 094 816
Totalsum	1 212 310	1 267 039	1 458 951	1 178 125	5 116 424

Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer prosjekt med finansiering i Bypakke Bergen i handlingsprogramperioden 2025-2028. Tala er oppgitt i 1000 og indeksert til forventa 2025-kr.

	Prosjektnamn	2025	2026	2027	2028
Anna	Netto finansposter	205	205	205	205
	Netto driftsutgifter	82	82	82	82
	Sum bypakke Bergen	287	287	287	287

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland

Miljøløftet
Nygårdsgaten 112
5009 Bergen